



## Referat frå elevråd 05.03.2024

### Desse møte:

- 2.: Vilja, Einar
  3. Leonard, Varg
  4. Morten Andre
  5. Victoria, Adelen
  6. Ella, Oskar
  7. årssteg er på leirskule
- Linda, Malin, Charlotte, Marianne Huseby frå FAU

### Saksliste:

#### Plassering av le-skur

Marianne Huseby frå FAU møtte i elevrådet og ville høyre kor elevane ville plassere le-skur. Elevane vil ha le-skura langs turløypa og borte ved basketballbana. Dei føreslo konkret ved ufo-dissa og ved basketballbana. Dersom mogleg ynskjer dei også merking av paradiso langs leikeapparata og kanonballbane borte ved basketballbana og grusbana. Det er også ynskje om frisbee-golf rundt skulen. Marianne snakkar med Jørgen og ser på kva det går an å få til. FAU melder tilbake til rektor og elevråd. Elevrådet takkar Marianne for at ho kunne kome på møtet!

#### Tilbakemelding om kantine og organisering

Elevane tykte det var rart med søtsaker i kantina (muffins). Dei tykte kantina var bra og vellukka. Elevane som organiserte opplevde ikkje det som stressande. Det blei drøfta ulike måtar å organisere kantina på, men elevrådet landa på dette:

- 6. årssteg skal fortsetje å ha kantine
- Skulen må ha kantine oftare
- Forslag til mat: pizzaboller, rundstykker, oppkutta grønnsaker og frukt, toast
- Avd.leiar på mellomsteg og lærarane på 6.årssteg får i oppgåve å sjå på dette

#### Tilbakemelding om rasismeopplegg i klassane

Malin gjennomførte opplegg med alle klassane på mellomsteget før vinterferien. Ho skal byrje med småsteget denne veka. Elevane opplevde opplegget som lærerikt og fekk god informasjon. Dei likte særskilt rollespel. Malin fortel at ho har fått positive kommentarar frå elevane i ettertid, og at det kjem og vil fortelje om ting dei sjølv har opplevd.

#### Førebuing til fotballcup

Elevrådet, saman med Charlotte, såg på laginndeling, type cup og kampoppsett, samt når cupen skal avviklast. Dette blei bestemt:

- Det blir premie til vinnarlag og fair play
- Det blir blanda lag frå alle årsstega
- Det blir gruppespel slik at alle lag får spele minst to kampar kvar
- Det blir to grupper med fire lag og to grupper med tre lag. Vinnar frå kvar gruppe går vidare.
- Cupen blir avvikla i veke 12 og veke 14. Vi bruker storefri måndagane, storefri tysdagane og 2. og 3. økt tysdagane i desse to vekene.

E-post: [linda.selheim@oygarden.kommune.no](mailto:linda.selheim@oygarden.kommune.no)

Telefon: 90241258



- Charlotte er dommar.



Målsetnaden med cupen er å bli kjent på tvers av årsstega og ha det gøy saman! Alle skal få delta og oppleve fotballglede. DEI SOM IKKJE FØLGER REGALNE FOR FAIR PLAY VIL BLI BORTVIST FRÅ CUPEN. Elevrådet takkar Charlotte for at ho kunne kome på møtet og for alt arbeidet ho har gjort så langt!

#### **Andre saker**

Elevrådet ynskjer at hjelpesona er open i alle friminutt og at ein nyttar elevar frå mellomsteget til å vere der. Vaksne skal vere i storefriminutta som vanleg. Det er også ynskje om bokkasse i hjelpesona slik at dei som vil, kan lese i friminutta. Elevrådet vil at avd.leiar på småsteget og skulebibliotekar ser på dette og iverkset.

Linda Selheim (referent).